



Møtereferat styremøte 27. juni 2022

Styremøtet vart halde fysisk på kommunehuset i Sula 27. juni 2022 kl. 18 til 20.30. Innkalling var sendt ut tidleg i juni og saklista med saksdokument var sendt ut 23. juni.

Frammøtte frå styret: 12 av 17 representantar:

Kommune: Styremedlemmar:

| | |
|---------------------|---|
| Ulstein | Berit Sandvik Skeide – nestleiar og møteleiar |
| Fjord | <i>Forfall – vara kunne ikkje møte</i> |
| Giske | Jan Ove Skodje |
| Hareid | Annika Brandal |
| Herøy | <i>Forfall – vara kunne ikkje møte</i> |
| Sande | Sindre Slettestøl (via teams) |
| Stranda | <i>Forfall – vara kunne ikkje møte</i> |
| Sula | Nils Erik Bjørkavåg |
| Sykkylven | Trond Bonesmo |
| Vanylven | <i>Forfall – vara kunne ikkje møte</i> |
| Vestnes | Jon Kåre Osdal |
| Volda | <i>Forfall – vara kunne ikkje møte</i> |
| Ørsta | Karen Høydal |
| Ålesund | Jarle Hauge Steffensen |
| Ålesund | Janet Roelofs |
| Ålesund | Thea Elise Vestre Aasen |
| Tilsettrepr. | Randi Kjerstad Hagerup (vara for Nes) |

Forfall meldt: Eva Hove (Fjord), Linn-Therese Hansen Sævik (Herøy), Jan Håkon Vikane (Stranda), John Willy Klungre (Vanylven), Ola Einang (Volda) og Christer L. Nes (tilsettrepr.)

Andre frammøtte: Dgl. leiar Anne B. Støyva Emblem (referent), prosjektleiar Hilde Ellingsæter (via teams deler av møtet) og ordførar i Sula Jim Arve Røssevoll.

Sak 72/22: Godkjenning innkalling, sakliste og referat

Innkallinga vart sendt tidleg i juni, og saklista vart sendt ut 23.6. Referat frå sist styremøte 2.3.22 og frå representantskapsmøtet 30.3.22 ligg på nettsida: [Lenke](#)

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend.

Referat frå styremøte 2. mars 2022 vert godkjend. Referat frå representantskapsmøtet 30.mars 2022 vert teke til orientering.

Sak 73/22: Faste orienteringspostar

Dagleg leiar/adm. orienterer kort om:

- Status fagområda (eigen pp-presentasjon i møtet)
- Status personalsituasjonen og andre administrative forhold
- Andre dagsaktuelle orienteringar
 - Friluftskonferansen i Bodø mai/juni 2022: [Lenke](#) Frå Sunnmøre deltok styreleiar, dagleg leiar, driftsleiar og prosjektansvarleg StikkUT!
 - Uttale frå FL om styrking av friluftslivtiltak for barn og unge: [Lenke](#)
 - Skjærgårdstjenesten i Norge er 30 år i sommar
 - Friluftskulane (4 stk) er i gang i veke 27 og 28

Vedtak:

Styret tek orienteringane til vitande.

Sak 74/22: Handlingsplan 2022-2024 med arbeidsplan for 2022 – oppdatering

Kort om saka:

Representantskapsmøtet godkjende handlingsplanen 2022-24 med tilhøyrande arbeidsplan for 2022. Dette er ein plan som kombinerer eit treårig perspektiv med arbeidsplan/prioriterte tiltak for 2022. Prioriterte tiltak og prosjektoversikt er no oppdatert ut frå kva søknader vi har fått tilslag og avslag på i år.

Vedlegg: [«Handlingsplan SF 2022-2024 med arbeidsplan for 2022 – versjon 22.6.22»](#)

Vedtak:

Styret vedtek oppdatert utgåve av «Handlingsplan Sunnmøre friluftsråd 2022-2024 med arbeidsplan for 2022» slik den ligg føre.

Sak 75/21: Status Stikk UT! samarbeidsavtale internt og sponsoravtaler eksternt

Kort om saka:

Representantskapet vart orienterte om det komande arbeidet med utvikling av prosjektet Stikk UT!, m.a. om samarbeidspartnarar og sponsorinntekter gjennom appen for å dekke underskotet i drift av StikkUT!. Det er inngått avtale med [Sparebanken Møre som hovudsponsor](#), og Møre og Romsdal fylkeskommune, **Wattn** (Sunnmøre) og Istad (Nordmøre og Romsdal) som samarbeidspartnarar. Ut over dette har vi starta arbeidet med å tilby sponsoravtaler til bedrifter og verksemder.

Internt har Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal og Sunnmøre friluftsråd jobbar med ei samarbeids-/partnaravtale Stikk UT! 2022-24, som no vert signert.

Vedlegg:

- Pressemelding 15.6.2022: Doblar støtta til Stikk UT! Turtrim-suksessen krev økonomisk løft.
- Invitasjonse-post til bedrifter om sponsoravtale og Velkommen som StikkUT! sponsor
- Intern samarbeids-/partnarskapsavtale for Stikk UT! 2022-24 mellom friluftsråda

Vedtak:

Styret tek statusoppdateringa om StikkUT! juni 2022 til orientering og støttar opp om arbeidet for å kome i økonomisk balanse i drift og utvikling av Stikk UT!. Styremedlemmar som har forslag til bedrifter/verksemder som kan vere aktuelle å kontakte for sponing, tek kontakt med staben i friluftsrådet.

Sak 76/22: Friluftslivets ferdselsårer (stiar) – stimuleringsmidlar frå MD/FK 21-23

Kort om saka:

I styresak 46/21 fekk styret orientering om prosjektet Friluftslivets ferdselsårer igangsett av Klima- og miljødepartementet (MD) i 2019/2020 ([MD sine sider](#)). Styret ser verdien av at så mange som mogleg av medlemskommunane kartlegg ferdselsårene (stiar og andre ruter) gjennom prosjektet innan 2023. Prosjektet skal fremme kommunane si kartfesting og planlegging av samanhengande nettverk av ferdselsårer for friluftsliv, som grunnlag for vidare opparbeiding, skilting, merking, skjerming av desse. MD har utforma ein rettleiar til kommunane [Plan for friluftslivets ferdselsårer](#). MR fylkeskommune behandlar [søknadar](#) frå kommunane om å delta i prosjektet. Dei to friluftsråda i fylket er koordinatarar og rådgjevarar i arbeidet mot kommunane.

- Tre kommunar er til no påmeldt prosjektet, og er delvis i gang: *Fjord, Sykkylven og Ulstein*
- Fire kommunar søker om å få bli med i prosjektet frå no: *Hareid, Ørsta, Giske og Ålesund*

Vedlegg: Intern samarbeidsavtale mellom friluftsrådet og MRFK om koordinering.

Vedtak:

Styret tek oppdatering om prosjektet Friluftslivets ferdselsårer til orientering. Styremedl. i dei innmelde kommunane er oppfordra til å støttar opp om prosjektet i eigen kommune. Styret understrekar viktigheita av at kommunane involverer lokale lag og organisasjonar i arbeidet.

Sak 77/22: Info.brev til kommunane om marin forsøpling og rydding av lokale strender

Kort om saka:

Friluftsrådet har nyleg sendt brev til kommunane om friluftsrådets arbeid med marin forsøpling, kva vi kan bidra med til ryddarane og kva vi ønsker kommunane skal engasjere seg i. Her informerer vi også om [Min bit av Norge](#), og oppfordrar skular og andre til å melde seg på «Rydd ei strand» i sitt lokalmiljø (adoptere ei strand). Det er Strandryddeuka 9.- 18. september. Frivilligsentralane i kommunane bør gjerast merksam på dette.

Vedlegg: Friluftsrådets brev til kommunane om arbeidet mot marin forsøpling datert 13.6.22

Vedtak:

Styret tek brevet til orientering og styremedlemmane vert oppfordra til å støtte opp om saka i sin kommune.

Sak 78/22: Friluftsrådet er kommunane sitt eige kompetansesenter for utandørs livredning

Kort om saka:

Friluftsrådet er kommunane sitt eige kompetansesenter for utandørs livredning. Kompetansemålet i skulen er at alle ungdomsskuleelevar skal *vere opplærte livreddarar ute*. Kompetansemålet føreset også at lærarane sjølve har tatt utandørs livredningsprøve. *Friluftsrådet kan vere ei støtte for medlemskommunane i opplæringa og vere den faglege spydspissen kommunane treng*. Friluftsrådet kan besøke kommunane og informere. Friluftsrådet kan søke stiftingar m.v. om å finansiere opplæringsarbeidet.

Vedtak:

Styret tek saka til orientering og styremedlemmane følgjer opp i eigne kommunar.

Sak 79/22: Vurdere å søke etter anna kontor- og lagerlokale for staben

Kort om saka:

Sunnmøre friluftsråd har sidan 2011 leigd kontorlokale og lager i fabrikklokala til Møre Palleservice yst på Kvassneset i Sula. Sidan 2011 er friluftsrådets ansvar og oppgåver utvida og tal tilsette auka tilsvarande. Dei tilsette har no meldt behov for betre lokale i forhold til inneklima for kontorarbeidsplassar, støy frå maskiner/trailerar, behov for større møterom for 9 tilsette, behov for garderobe/dusj og mindre anonym lokasjon. Det er ikkje økonomi i friluftsrådet til å auke husleigeutgiftene; evt. nytt lokale må vere innan dagens økonomiske ramme. Innhenting av tilbod og vidare prosess følgjer reglande for offentleg anskaffelse, internkontrollrutina for dette vart vist i styremøtet. Behov drøfta i møtet:

- Tilfredstillande inneklima og støynivå for kontor. Tilgang garderobe helst m/dusj. Tilgang kjøkken.
- Møterom med plass til min. 10 stk. og høve for å ta i mot møtegjester.
- Lager. Kan red. 50 % frå 330 kvm. no. Del av lager må ha varme. Takhøgde. Høve til å tørke utstyr.
- Uteområde med plass til bilar og henger. Tilgang til uteområde for pause, gjerne grøntområde.
- Tilgang til kaiområde i nærleiken. Ved sjø.
- Lokasjon som er synleg for innbyggjarane - for at det skal vere kjent kor friluftsrådet held til.
- Køyreavstand frå kontor/lager til området friluftsrådet driftar
- Reiseavstand for dei tilsette til kontorstad må ikkje bli berydeleg lengre

Vedtak:

Styret er opptatt av at dei tilsette har gode fysiske arbeidstilhøve. AU får fullmakt til å jobbe vidare med saka saman med dagleg leiar og tilsettrepresentanten og hente inn tilbod om kontorlokale med lager. Dette skal vere innanfor den økonomiske ramma vi har i dag. AU legg deretter fram ei innstilling til styret.

Sak 80/22: Status økonomi april 2022

Kort om saka:

Statusrapport økonomi for jan-april 2022, samanlikna med same periode i fjor. Regnskapet pr. 30.04.22 viser eit underskot på kr 246 201 hittil i år. Inntektsida: Kontingent frå kommunane er periodisert, berre 4/12 av kontingenten er inntektsført. Innkomne tilskot og driftsinntekter hittil i år er kr 4.407.114, mot kr 3.700.595 i same periode i fjor, dette er ein auke på 19%. Lønnskostnadene hittil i år er kr 2 475 461 som er ein auke på 20% sidan i fjor. NB! Det er fleire av inntektene (tilskot, prosjektstøtte) for 2022 som ikkje er utbetalte enno. Det er ikkje tatt omsyn til innvilga, men ikkje utbetalte tilskot i rapporten - det er dermed avvik mellom inntektsføringa av tilskot og påløpte kostnadar tilhøyrande prosjekta. Ein del tilskot kjem til utbetaling etter at kostnadene er påløpt og ført til inntekt når prosjekta er ferdig, dette betyr at reelt resultat ofte er betre enn kva vist på dette tidspunktet av året. Vedlegg: Økonomi statusrapportering april 2022, kontospes., og kommentar frå rekneskapsførar. Sjå også siste side i Handlingsplan 22-24 med arbeidsplan 22 jf. sak 74/22.

Styret ber om at Status økonomi vert satt opp som sak tidleg i neste styremøte for å få nok tid til saka, og at stipulert forventa resultat for årsskiftet vert lagt fram.

Vedtak:

Styret tek statusoppdatering økonomi april 2022 til orientering.